

## NYE KAPTEINAR

Styret i HSD tilsette 12. desember 1975 desse offiserane som kapteinar:

*Trygve Bakke*  
*Gunnvald Hjartåker*  
*Bjarne Mehammer*

*Magnus Sandvik*  
*Johannes Sunde*  
*Alfred Tungodden*

Dei har alle kystskippersertifikat av 1. klasse, som gir rett til å føra passasjerbåtar opp til 300 BRT. Dessutan har dei alle perfektjonskurs. Då kan Sjøfartsdirektoratet i særlege høve gi dispensasjon med rett til å føra passasjerbåtar opp til 500 BRT.

Om kvar av desse 6 offiserane skal vi her berre nemna:

*Trygve Bakke* er fødd 27. juni 1937. Han kom til HSD som styrmann 14. april 1961, og vart fast tilsett 1. juli 1970. På dei mindre båtane og ferjene har han vore både styrmann og førar. I lang tid har han no vore knytt til snøggbåtane, både som styrmann og kaptein. For tida fører han H/B «Teisten».

*Gunnvald Hjartåker* er fødd 10. mars 1925. Han tok til i Midthordlandske 1. november 1950, og kom til HSD i samband med samanslåinga 1. januar 1962. Her har han så å seia heile tida vore kaptein. No fører han M/S «Etne».

*Bjarne Mehammer* er fødd 5. mars 1933. Til HSD kom han 21. april 1960, og vart fast tilsett 1. juli 1970. Han har gjort teneste på dei fleste mindre båtane, og på ferjene, lengste tida som kaptein. For tida fører han M/S «Bremnes».

*Magnus Sandvik* er fødd 3. september 1916. Frå 1. juli 1945 var han tilsett i Midthordlandske, og kom til HSD 1. januar 1962 i samband med samanslåinga. I mange år var han styrmann på ferja mellom Hatvik – Fusa. Seinare var han for det meste kaptein på nokre av dei små ferjene. No fører han M/F «Vøringen».

*Johannes Sunde* er fødd 16. august 1918. Han tok til i HSD 9. mai 1961, og vart fast tilsett 1. juli 1970. Dei første åra var han styrmann, men i mange år har han vore kaptein, no på M/S «Halsnøy».

*Alfred Tungodden* er fødd 3. september 1926. Til HSD kom han 31. mars 1960, og vart fast tilsett 1. juli 1970. Etter å ha vore styrmann og kaptein på nokre av dei minste båtane og ferjene, vart han for eit par år sidan knytt til snøggbåtane — først som styrmann, seinare som kaptein. For tida er han kaptein på M/S «Tednøy».



*Trygve Bakke*



*Gunnvald Hjartåker*



*Bjarne Mehammer*



*Magnus Sandvik*



*Johannes Sunde*



*Alfred Tungodden*